

STYREMØTE 26.april

> KL. 18 på Biblioteket

>

> Desse møtte: Solveig, Bjørg, Nelly, Mette Marie, Mette V, Sunneva.

>

> Sak 22/21 Referat og orienteringar

> *Organisasjonskurs for VBK og bygdekvinnelag i nærleiken
> og bruk av TEFTmidlar til frukost el. lunsj for mellomsteget
> må vi framleis vente med.

> *OBS. OBS Hyggjestund på VTS 4. juni v.22 - KAFEGRUPPA har ansvaret
> dersom det går an å arrangere noko. Siste hyggjestund vart avlyst.

>

> Sak 23/21 Medarrangør i sommarskule for Valldal skule.

> Fjord har fått coronapengar som skal brukast til sommarskuleaktivitetar
> for barne og ungdomsskulane.

> Styret var positive og meinte at emnet mat og helse var noko å tenkje på.

> Vi kunne binde oss til 1 dag i v.31,32 og 33. Dagen kan tenkjast delt i 2 økter.

> All mat blir betalt, og laget får betalt for dugnadstimane.

> Mange lag har fått spørsmål om deltaking.

> Det er kulturkonsulent Bjørg Jacobsen som sender ut skriv,

> og truleg får ansvar for å setje saman eit sommarskuleprogram

> etter kor mange lag som melder interesse for saka.

> Dette er eit ekstra tilbod til barn og unge fordi mange har hatt mykje

heimeskule i år.

> Styret kjem med meir informasjon når programmet er utarbeidd.

> Då må laget ha eit oppsett over tider og kor mange frivilljuge medlemmer som
trengst.

>

> Sak 24/21 Medlemsmøte i mai?

> Det blir ev. eit utemøte, vi får berre vente og sjå korleis ting utviklar seg.

> TUR OG TREFF er kvar torsdag kl. 11 med tur først og treff på bakeriet til
slutt.

> Mette Marie har ansvar for ev. småturar. Ulike alternativ var lufta:

> Gåtur Kvennhusneset - Osvika med båskyss til og frå,

> Lingetur, gå ovom gardane, tur til Rugga.

> TUR OG AKTIVITETSGRUPPA har ansvar for å lage til ein tur i juni, dersom
det kan gjennomførast.

>

> Sak 25/21 Bilete av dialektord til 90 årsjubileet 2022.

> P.G.A. coronaen har arbeidet med dialektord gått seint. Noko er gjort.

> Hegelin sit med opptak av mange ord frå Lilly, Lilly har sjølv lese inn mange.

> Linda Myren er viljug til å lese inn ein del, ho har god Valldalsdialekt.

> Vi har elles planar om å ramme inn plakatar med ein del sjeldne ord og
leggje ut til sals.

> Underteikna kjøpte eit bilde med Ørstaord der orda var plassert hulter til
bulter og i ulike storleikar,

> svært dekorativt og det er lett å kome i prat om orda.

> Styret satsar på noko liknande, gjerne med eit lite ark med forklaringar på
baksida.

> Det kunne t.d. vere ei artig gåve til ein som har alt, el. til ein ungdom som
skal på hybel.

> Framlegg om å spørje om Kristi og Sunneva kan plukke ut ord og Mette V
hjelp til vidare.

>

> Sak 26/21 Eventuelt

> Diskogolf - Petra Jemtegård kom med framlegg om damekurs med trenar.

> Styret kunne tenkje seg ein introduksjonskveld der ein først fekk sjå og
prøve.

> Så kunne ein ev. melde seg på kurs etterpå. Bjørg snakkar med Petra.

>

>

> Sunneva Linge skrivar